

* **Kvinner i skogbruket**

Informasjonsteknologi vil gjere det lettare for kvinner å ta styreverv. Nye ansiennitetsreglar vil hjelpe **kvinner** som ønskjer skogen som arbeidsplass.

Kvinner trivst i ei skognæring full av mannfolk

Marianne Eidem Fostervold, forskar med likestilling og organisasjon som fagfelt, har undersøkt korleis det er å vere kvinne i den tidlegare mannsbastionen. Ho drøftar også tiltak som vil betre likestillinga i næringa.

Forskaren har intervjuet kvinner som anten er tillitsvalde i skogeigarpartslag og/eller har høgare utdanning innan skogbruk og er i profesjonelt arbeid i næringa. Ho har også intervjuet kvinner som har gått ut av næringa.

Sterk lojalitet

Utgangspunktet for rapporten var ei tidlegare undersøkning som viste at sjølv om relativt mange kvinner tek høgare skogutdanning, blir mange av dei borte frå næringa.

Det som gjekk att, var ein sterk lojalitet til skogbruket. Gjennomgåande var det også at kvinnene som eig eller jobbar i skogen beskrev seg sjølv som annleis. Dei trivst med å vere i ein mannskultur.

– Dei som er tilsett, sa at dei følte seg godt ivareteke, trivst, og meinte dei var likestilte – iallfall om dei samanlikna seg med bygg og anlegg, noko dei ofte gjorde.

Fakta

Kjønnsfordeling

* Mange skogselskap har mange kvinner i styra. Både AT-skog, Mjøsken skog BA og Viken skog har nådd likestillingskravet om 40 prosent kvinner i styret. I Mjøsken Skog er 60 prosent av styremedlemmene kvinner.

* Men i Norges skogeigerforbund sitt styre er det berre 11 prosent kvinner i styret.

Kjeldte JIS



I STYRA:

«Ei kvinne åleine kan ofte ikkje gjere noko med det, men straks det blir fleire kvinner, vil situasjonen bli ein annan.»

MARIANNE EIDEM FOSTERVOLD
FORSKAR

Men sjølv om mykje var bra, var ikkje alt like lett. Kunnskapshierarkiet gjorde at dei nok kunne få respekt for bakgrunnen sin, men den praktiske kunnskapen, den åtte skogeigaren.

– Det er funn veldig like dei som kom fram av doktorgradsavhandlinga til Linda Marie Bye, om maskuline bygdekulturar: Praktisk kunnskap står veldig sterkt i desse miljø.

Når dei høgt utdanna kvinnene kommenterer den praktiske

drifta, kan det kome til ein konflikt.

Situasjonen har kvinnene i regelen løyst med å la vere å seie noko, sjølv om dei veit at det kanskje er dei som sit på den rette kunnskapen.

– Det er høfleg gjort. Men om det hindrar faglege oppdateringar, blir det eit problem.

Forskaren har nettopp fått løyvingar til å arbeide vidare med dette. No skal ho sjå korleis høgt utdanna menn som kjem inn i skogbruket, blir tekne imot.

– Då får vi sjå om vanskaner har med fag eller kjønn å gjere.

Ekstra bein

Forskaren fortel at kvinnene tydeleg venta ekstra motstand, fordi dei var kvinner. For å sikre seg i jobbmarknaden skaffa dei seg ofte ekstra bein å stå på, i tillegg til det skogfaglege. Og så viste det seg at den pedagogiske utdanninga eller leiarutdanninga til slutt førte dei ut av skognæringa.


Ei anna problemstilling er ansienniteten. Kvinner ferske i skogbruket har lågare ansiennitet enn mennene, og tapar difor lett kampen om jobbene.

Med låg ansiennitet blir dei også dei første som må gå ved nedskjerjingar.

– Vi såg same problemstilling i Vegvesenet, seier forskaren og fortel om organisasjonar som har innført eit ansiennitetstak. Dei stilte spørsmål ved om 20 års leiaransiennitet er dobbelt så bra som ti år?

Lange reiser

For dei tillitsvalde kvinnene var situasjonen ein annan. Dei er alle skogeigarar, i større eller mindre grad, og det største problemet



I skogen: Eli Bjorvatten frå Vegårshel er skogeigar og har lang fartstid som tillits

for deira deltaking var reisetida til møta. Etter kvart som eigarlag har blitt slått saman, har det blitt større avstand mellom medlemmene og meir tidskrevjande å reise på møte.

Forskaren meiner IKT-satsing kan vere eit likestillingstiltak for styrearbeid.

Om videokonferansar eller Skype erstattar nokre av møta, vil

det gjere situasjonen lettare.

– Det vil slå positivt ut også for menn med barn si moglegheit til å delta i styrearbeid.

Forskaren meiner også at om det bli opna for å kunne ta permisjon frå styreverv, vil det vere ei god hjelp i rekrutteringsarbeidet.

– Då kan det bli lettare å ta på seg eit verv med langt tidsper-



I skognæringa. Ho ivrar for å få fleire kvinner inn i næringa. Som einaste kvinne blir ein veldig synleg, seier ho.

FOTO: GUTTORM ESKILD NILSEN, TVEDESTRANDPØSTEN

Ivrrar for fleire jenter i skogen

– Til fleire jenter det er i skognæringa, til lettare blir det å vere jente der.



Det seier Eli Bjorvatten (44) frå Vegårshei. Skogeigaren har slutta i jobben som skogbruksleiar, men er framleis tillitsvald skogeigar. Og ho ivrar for å rekruttere kvinner til næringa. Fartstida i Jenter i skogbruket er 24 år, 18 av dei hadde ho verv, fem av dei som leiar.

Odelsjente

Ho har alltid vore opptatt av skogbruket. I familien var det ingen motstand mot at jenta skulle overta.

– Det var eg som hadde best odel.

Etter gymnaset vurderte ho mange forskjellige utdanningar, jus for eksempel, men tenkte at det kunne vere lurt med jordbrukskule, sidan ho før eller seinare skulle drive garden. Og på jordbrukskulen vart der ho vart viss på at det var landbruk generelt og skogbruk spesielt ho hadde lyst til å arbeide med. Etter kvart utdanna ho seg til høgskulekandidat i skogbruksfag.

Bjorvatten fortel at ho visste at ho måtte få seg jobb utanfor garden, at ho ikkje kunne leve av garden åleine.

I 1990 tok ho over garden og dei vel 3500 dekar med skog.

– Eg vurderte å begynne med sau, men då eg tok over var utviklinga i landbruket slik at eg ikkje torte ta sjansen på å investere i driftsbygning.

Ho hadde ulike jobbar innan næringa, men for nokre år sidan vart det vanskeleg.

– I første omgang vart eg overtalig som skogsbruksleiar, fortel Bjorvatten.

Ho heldt fram ei stund med ulike engasjement innan skogbruket, men ønsket om fast jobb gjorde at ho begynte i Vegvesenet, og er no seksjonsleiar i eigedomsseksjonen.

– Om eg hadde hatt fast jobb i AT-skog, hadde eg ikkje søkt anna jobb.

Historia

Ho meiner det at mange jenter har blitt borte frå skogen dei siste åra har mest med historia å gjere. Det er ikkje viljen det står på. Tunge tider for skognæringa har gjort at det har blitt nedbemanna. Det har gått ut over jenter med låg ansiennitet.

– Korleis har det vore å vere jente i skogen?

– Artig. Miljøet er godt. Eg føler eg alltid har blitt godt motteke. Men det er viktig å bli fleire jenter, ein blir veldig godt synleg som det no er.

I dag er ho mellom anna styreleiar i Vegårshei skogeigarlag.

– Du kunne vore skogeigar utan å ta tillitsverv?

– Ja, og eg gjer det ikkje fordi eg har problem med å få tida til å gå. Men for meg er skogbruket viktig. Då eg slutta å arbeide i næringa, mista eg litt oversikt. Som tillitsvald skogeigar får eg det likevel med meg.

– Har du aldri møtt motbør som jente i skogen?

– Ikkje direkte motbør, men skepsis, særleg i byrjinga. Snittalderen på skogeigarane er ganske høg, og då eg som 30-åring skulle lage skogbruksplan for dei, merka eg skepsisen.

Men det gjekk over.

– Alle har sine måtar å vere på, det handlar mest om miljøet. Det er viktig å ikkje har fordømmar mot menn også. Stort sett oppfører dei seg som folk.

JANNE GRETE ASPEN

Janne.aspen@nationen.no

Fakta

Jenter i skogbruket

• Stifta i 1984 av kvinnelege skogteknikarar, forskandatarar, studantar og elevar Jenter i skogbruket (JIS)

• Dei ville arbeide for å betre kåra til jenter som arbeide i eller hadde tillitsverv i skognæringa.

• I føremålsparagrafen deira står det at dei arbeider for å gjere seg sjølv overflødige.

• Heilt der er dei endå ikkje.

• Organisasjonen har i dag 358 medlemmer.

spektiv, og varafolket får prøvd seg, noko som igjen kan virke positivt på seinare rekruttering.

Nokre av dei som vart intervjuva sa også at dei kjeda seg på styremøta. For mykje tid gjekk med til mannlege maskulinitetsøvingar, litt kven sin skog er stor.

– Ei kvinne åleine kan ofte ikkje gjere noko med det, men straks det blir fleire kvinner, vil situa-

sjonen bli ein annan, seier Foster-vold.

– Har kvinnene møtt direkte motstand i styrearbeidet fordi dei er kvinner?

– Nokre seier at dei har opplevd hersketeknikkar som steling av kunnskap. Men dei same hersketeknikkane blir brukt menn imellom, og det er store skilnader styra imellom.

– Kvifor engasjerer kvinner seg i skognæringa?

– Dei som har vakse opp med skog, beskriv at dei har vore med sidan dei var små. Dei som har kome inn i næringa på andre måtar, beskriv det som ein lidenskap.

JANNE GRETE ASPEN

Janne.aspen@nationen.no

KJØNN

«Det er viktig å ikkje har fordømmar mot menn også. Stort sett oppfører dei seg som folk.»

ELI BJORVATTEN
SKOGEIGAR